

Årsmelding idrettskulen

Idrettskulen i EIL har hovudaktiviteten knytt til to av barneskulekrinsane, Ostereidet og Eikanger. Grappa for elevane på Eikanger skulekrins har og tatt i mot ein del born frå Leiknes. Idrettskulen for Eikanger er organisert i ei gruppe for førskuleborna og 1. trinn og ei for borna tilhøyrande 2.-4. trinn. 45 born har nytta tilbodet over tid, og nokre til har nytta det meir sporadisk. Idrettskulen for Ostereidet skulekrins har og gjennomført trening for to grupper i vår, men har i haust kunn hatt trening for førskuleborna og 1. trinn. Dette på grunn av mangel på trenarar. Om lag 12 trenarar har vore aktive i dei ulike idrettskulegruppene. Desse gjer ein kjempeinnsats. I tillegg stiller mange foreldre opp saman med borna sine på aktivitetane og som hjelp i grappa.

Borna har tilbod om trening måndag for Eikanger og tysdag for Ostereidet skulekrins. Aktiviteten for begge laga er i hovudsak lagt til idrettsanlegget på Ostereidet. Ei av hovudaktivitetane er knytt til symjebassenget. Me byrjar med vasstilvenning med dei minste og har ei målsetjing om at dei klarar symja 200 m på 4. trinn. Borna blir introdusert for ulike teknikkar. I gymsalen forsøker ein å knyta aktivitetar til spenst, røyrsle og balanse. Dei eldste har og blitt introdusert for ulike aktivitetar på friidrettsbana. Det viktigaste er uansett å skapa positiv idrettsglede i eit fellesskap saman med andre.